



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Vår dato:

05.08.2020

Vår ref:

2020/11131-2

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

Uttale til søknad om nydyrkning - Alver - 156/3 - Austrheim - Tomas Lerøy

Vi viser til søknad om nydyrkning på gbnr. 156/3 i Austrheim kommune. Søknaden gjeld nydyrkning av eit areal på omlag 90 dekar. Arealet er jorddekt fastmark og ein del myr.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrkning skal nydyrkning gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingsstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Fylkesmannen skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkninga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrkning, og vi har følgjande merknader:

Deler av arealet er myr, og dei aktuelle myrområda heng saman med større myrområde som ligg på naboeigedommane. Lengst mot aust er myra djup jf. NIBIO si kartløysing. Nydyrkingsforskrifta blei endra 2.6.2020, slik at det no i utgangspunktet er forbode med nydyrkning av myr. Det er og sagt at nydyrkning av areal over 50 daa skal vurderast om konsekvensutgreiing av tiltaket før vedtak blir gjort.

Kommunen mottok truleg denne søknaden før 2. juni, men eit såpass stort inngrep i ei stor samanhengande myr er uansett eit tema som må handsamast når kommunen skal handsame søknaden etter naturmangfaldlova. Det er særleg inngrep i myrarealet aust for fastmarksområdet midt i feltet som vil vere uehdlig, då det er dette som vil vere inngrep i dei samanhengande myrareaala.

I dyrkingsplanen er det tale om å tilføre kompostert masse og deponi for jord på deler av arealet. Det må og stillast krav om at massane som blir tilført berre er reine masser.



Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent